

Kommunedelplan kultur 2016-25



Foto: Jørgen Freim



Innhald

1. INNLEIING	s. 3
2. SAMANDRAG AV KULTURPLAN FOR KARMØY KOMMUNE FOR 2016-2025	s. 7
3. STATUS OG BAKGRUNN FOR SATSINGAR I KARMØY	s. 10
3.1 STATUS	s. 10
3.2 BAKGRUNN FOR TEMAVAL OG SATSINGAR	s. 12
4. SATSINGSOMRÅDE 2016 – 2025	s. 16
4.1 KULTUR FOR ALLE	s. 17
4.2 UNG KULTUR	s. 20
4.3 KULTURELT AKTIVE ELDRE	s. 23
4.4 FRIVILLEGE KARMØY	s. 25
4.5 KARMØYKUNSTNARAR OG KUNSTFORMIDLING	s. 28
4.6 FORMIDLING AV KULTURMINNER, KULTURBASERT REISELIV OG KREATIVE NÆRINGAR	s. 35
4.7 ARENA FOR KULTUR	s. 37
5. NASJONALE, REGIONALE OG LOKALE FØRINGAR FOR KULTURPLANEN	s. 46
6. REFERANSAR	s. 49

1. Innleiing

«Kulturlova har til føremål å fastleggja stat, fylkeskommune og kommune sitt ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breidt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta aktivt i kulturlivet og oppleva eit mangfold av kulturuttrykk»

Kulturlova, vedtatt i 2007



Karmøygeddon 2016

Foto: Astrid Havn Tranøy

Kulturlova synleggjer den viktige rolla kulturen har i samfunnet, og gjev det kulturpolitiske feltet tyngd og status (Odelstingsproposisjon 50:2007). Ho forpliktar til satsing på kulturfeltet, på lik linje med svært mange andre område i samfunnet som er regulerte på samme måte. Kulturlova er meint å gje klart uttrykk for det ansvaret det offentlege har for å leggje til rette for at folket kan få tilgang til kulturopplevingar. Ifølgje kulturlova skal kommunen syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt, og syta for at kulturlivet har føreseielege utviklingskår.

Jamfør kulturlova ligg det eit særskilt ansvar i å skape rom for ytring, kulturutveksling og møteplassar i kulturlivet. Økonomisk, sosiale og fysiske hindringar kan skape utfordringar for enkelte si kulturdeltaking, og det er eit offentleg ansvar å syte for at alle har lik moglegheit til å delta i kulturaktivitetar.

Det har hittil ikkje eksistert ein overordna plan for korleis ein i Karmøy kommune skal sikre alle innbyggjarar tilgang til å opp leve og delta i kulturverksemd. Karmøy

commune vil gjennom Kommunedelplan for kultur 2016-25 følge opp kulturlova med ein overordna kulturpolitisk plan. Planen er ei vidareføring av strategiar og satsingar i Kommuneplan for Karmøy kommune for 2014-23.

I Plan og bygningslova §11.2 står: «*Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private*»

Kommunedelplan for kultur 2016-2025 vart vedtatt igangsatt av kommunestyret i samband med Kommunal planstrategi for 2012-2016 og er forankra i denne, samt Kommunal planstrategi for 2016-2019 og Kommuneplan for 2014-2023. Hausten 2014 vart det varsle oppstart av kommunedelplan kultur. Planen vart slutført i 2017.

Føremål

Kunst og kultur er eit felt med høg eigenverdi, og opplevinga av kunst og kultur kan gje ringverknader ut over seg sjølv (Bamford 2006, Kvamme 2013). For Karmøy kommune er det ynskjeleg å kommunisere kunst og kultur som ein verdi i seg sjølv. Samstundes er kunst og kultur ein ressurs i andre sektorar av samfunnet, og kultur kan gje positive ringverknader på område som folkehelse, inkludering og omdømme.

Kultursatsinga i Karmøy har tradisjonelt sett vore prega av eit mål om at alle innbyggjarane så langt som råd er skal vere sikra eit aktivt kultur- og fritidstilbod. Karmøy er ein kommune i vekst. Kommunen kan vere stolt over å ha mange aktive frivillige organisasjonar, og kulturskulen vår er ein av dei største i landet utanfor dei store byane.

Kommunedelplan for kultur skal vere eit strategisk styringsdokument som synleggjer Karmøy kommune sine kulturpolitiske satsingar innan kulturfeltet i perioden 2016-2025. Planen skal, saman med handlingsdelen, vere grunnlag for administrative anbefalingar og politiske satsingar for kulturfeltet, samt vere eit verktøy for drift og investeringar på kulturfeltet. Ein langsiktig plan vil bidra til å skape føreseilege utviklingskår for kulturlivet, og felles kulturpolitiske mål for Karmøy kommune.

Det har blitt laga følgande visjon for kulturverksemda i Karmøy:

Eit rikt og grenselaust kulturliv med rom for utvikling i opne og levande arenaer

I visjonen ligg eit mål om at kulturlivet i Karmøy skal vere tilgjengelig for alle og ha lav terskel for deltaking. Det er ynskjeleg at Karmøy kommune tilrettelegg og arbeider for å skape og ivareta levande arenaer for kreativitet og utfaldning. Alle som

arbeider med kultur i Karmøy skal gjere dette med respekt, openheit og forståing for alle kulturuttrykk. Som tilretteleggar for deltaking i kulturlivet skal kommunen tilby frivillige organisasjonar, amatørar og kunstnarar gode og tilpassa arenaer for å vise fram og utøve skaparevne og skaparglede.

Handlingsdel

Handlingsprogram for kultur 2016-25 kjem som eit sjølvstendig dokument til kulturplanen. Handlingsprogrammet gjev grunnlag for kommunen sin prioritering av ressursar på feltet, skisserer samarbeidspartnarar, og konkretiserer tiltaka innanfor kommunen sine økonomiske rammer. Plan- og bygningslova §11.2 seier: «*Kommunedelplaner for temaer eller virksomhetsområder skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer. Handlingsdelen skal revideres årlig*». Handlingsplan for kultur 2016-25 vil bli revidert i Hovudutval oppvekst og kultur kvart år.

Avgrensing

Kommunedelplanen er avgrensa til å omfatte følgjande tema: Kultur for alle, Ung kultur, Kulturelt aktive eldre, Frivillege Karmøy, Karmøykunstnarar og kunstformidling, Kulturarvformidling, reiseliv og kulturbaserte næringar og Arena for kultur. Under Arena for kultur blir både produksjonslokale og formidlingsarenaer omtala. Tema som idrett, bibliotek, reiseliv og kulturvern, som allereie er omtalt i gjeldande planar, vert sett i samanheng med overordna mål i planen. I henhold til planstrategien skal kulturskolen utarbeide egen plan i 2017.

Med dei overordna tema i kommuneplanen som grunnlag skal det kulturelle nedslagsfeltet til kulturplanen dekke ei målgruppe som omfattar alle kulturskaparar og brukarar i Karmøy kommune. Enkelte grupper er løfta fram i planen med bakgrunn i at kommunen har særskilt ansvar for å sikra eit kulturtilbod til barn, eldre og andre grupper som ikkje alltid sjølve kan ta ansvar for aktiv deltakelse i kulturlivet.

Planprosess og kunnskapsgrunnlag

Med bakgrunn i Plan og bygningslova §4.1 har eit planprogram for kulturplanen som skisserer planprosessen blitt utarbeidd for å sikre tidleg medverknad og god planprosess. Planprogrammet er sendt ut på høyring og vart vedtatt i Utvalg for samfunnsutvikling 24. mars 2015. Kultur er eit breidt tema som rører mange og mykje. Det er difor viktig å legge til rette for dialog i alle faser av planprosessen. For å sikre god medverknad frå starten av har kommunen tatt i bruk arenaer som sosiale medier, dialogmøte med ulike brukergrupper, ungdomsklubbar, skulen, frivillegheten, det profesjonelle kulturliv og folkemøte. Mellom anna har det blitt oppretta ei facebookgruppe der det har blitt lagt ut informasjon om prosessen. Det

har vore arrangert fem opne innspelsmøte om kulturplanarbeidet, gruppeintervju av ungdom i grunnskule og fritidsklubar, samt dialogmøte med sentrale kulturaktørar i kommunen og nabokommunar. Innspela er ein sentral del av grunnlaget for planen.

Av viktige nasjonale og internasjonale kunnskapsgrunnlag for planen kan nevnast Kulturlova, Den Norske Grunnlov §100 (infrastrukturkravet), ei rekke stortingsdokument kring kunst og kultur, samt FN-konvensjonen av 1966 og FN sin Barnekonvensjon. Regional kulturplan for Rogaland 2015-2020 trekkast fram som eit regionalt kunnskapsgrunnlag. Planen omhandlar fylkeskommunen si rolle i kulturpolitikken i Rogaland, og primært føringar for korleis Rogaland fylkeskommune plasserer seg i høve til lokale og statlege aktørar på kulturfeltet med omsyn til strategiar og prioriteringar. I Karmøy kommune har det vore viktig å setje arbeidet i samanheng med tema i Kommuneplan for 2014-2023. Opparbeidd kunnskap innan sektoren er og sentralt. Sist i dokumentet finnes ei oversikt over dei politiske og lovmessige rammene for kultursektoren, og det skriftlege kunnskapsgrunnlaget for arbeidet med planen.

2. Samandrag av kommunedelplan for kultur 2016-25

«Det finnes bare to tragedier i livet. Det ene er å oppnå det man drømmer om, det andre er å ikke oppnå det» Oscar Wilde



Dans Foto: Jørgen Freim

Vision og handlingsplan

Eit rikt og grenselaust kulturliv med rom for utvikling i opne og levande arenaer

Kommunedelplan for kultur 2016-25 er forankra i Kommuneplan for 2014-25, samt planprogram for 2012-15 og 2015-2018. Hausten 2014 vart oppstart av planen varsle og planen vart sluttført i 2016. Handlingsplan for kultur 2016-25 kjem som eit sjølvstendig vedlegg til kulturplanen og omtalar kvart tiltak konkret og i detalj.

Bakgrunn og utfordringar

Karmøy har eit variert og allsidig kulturliv. Kommunen sitt ansvar er å støtte opp om kulturlivet, stimulere til nyskaping og vidareutvikling og trygge vilkåra for dei ulike kunstuttrykka. Gjennom tett samarbeid innan kulturlivet skal kommunen arbeide for eit ope og inkluderande kulturliv, med lav terskel for deltaking og tilgjengelege



Drageverkstad på Røde Korshuset

Foto: Astrid Havn Tranøy

og levande kulturarenaer som innbyggjarane kjenner eigarskap til.

Enkeltpersonar og grupper kan av ulike grunner ha utfordringar med å delta aktivt i kulturlivet. Dette blir omtalt i avsnittet **Kultur for alle**. Uavhengig av sosiale, språklege, økonomiske og fysiske hindringar skal alle vere sikra tilgang til eit godt kulturtild. Karmøy kommune skal lage rom for gode møteplassar for kulturutveksling.

Karmøy har eit mangfold av kulturtild til barn og unge. I tillegg er det ikkje all informasjon om tilboda som når ut. Det anbefales at det blir utarbeida ein plan for ei breid satsing på utvalgte kunstuttrykk, for å sikre at barn får like god tilgang til kunst og kultur.

I avsnittet **Kulturelt aktive eldre** omtalast satsinga Kulturstokken. Det er ei utfordring å skape treffpunkt for eldre og halde dei kulturelt aktive lengst mogleg. Satsinga på Kulturstokken skal halde fram i perioden 2016-2025.

Frivillige Karmøy. Frivillige organisasjoner står bak store delar av kulturtildet i kommunen, og er ein ressurs når det gjeld å skape ein aktiv kvardag i lokalmiljøet og lavterskel møteplassar. Karmøy kommune skal arbeide for å trygge vilkåra for det frivillige livet, gje god og tydeleg informasjon om tilskotsordninga og ha tett dialog med sentrale aktørar i frivilligheiten.

Karmøykunstnarar og kunstformidling. Med over sytti kunstnarar som bur og delvis har sitt arbeid i Karmøy er det ynskjeleg å legge til rette for at alle kunstuttrykk har rom til å utfalte seg. Karmøy kommune skal arbeide for at fleire lokaler blir gjort tilgjengelege for kunstproduksjon og formidling. Kommunen bør

utvikle ein strategi for innkjøp, formidling og forvaltning av kunst, og ha eit bevisst tilhøve til og ein plan for bruk av kunst i offentlege bygg.

Formidling av kulturminner, kulturbasert reiseliv og kreative næringar. I eit område rikt på kulturminne er det eit omfattande arbeid å formidle kunnskap om kulturarven. Karmøy har eit kulturbasert reiseliv, og kommunen har satsa på å formidle ei rik kulturarv gjennom levandegjering av historia i ulike publikumsarrangement. Ein meir detaljert oversikt over satsinga på kulturvernformidling finn ein i kulturminneplanen.

Under avsnittet **Arena for kultur** omtalast ulike romlege og arealmessige utfordringar for kulturlivet i Karmøy med fokus på produksjons-, øvings- og formidlingsarena. Til slutt blir det drøfta kva eit kultursenter for kommunen kan utføre og kva faktorar som bør vurderast i samanheng med utgreiing av dette. Arealbehov, nytteverdi av samlokasjon, publikumskapasitet og tilrettelegging for ulike kulturuttrykk er sentrale tema i denne samanheng.

3. Status og bakgrunn for satsingar i Karmøy



Karmøy kulturskole sin danseforestilling Jorda rundt på 60 dager Foto: Astrid Havn Tranøy

3.1 Status

Karmøy er per 2016 med sine 42 000 innbyggjarar den 21. mest folkerike kommunen i landet og den femte største kommunen på vestlandet.

Kommunalt kulturarbeid i Karmøy er organisert rundt fem kulturhus, kulturskole, kino og bibliotek, samt kulturavdeling med administrasjon av tilskotsordningar, forvaltning og formidling som hovudaktivitet.

Kino

Karmøy kino er eit 100% kommunalt eigd AS og eitt av dei mest populære kulturtildoda i Karmøy. 63 499 publikummarar besøkte kinoen i 2016, noko som er det høgaste besøkstalet sidan 1987. Karmøy kino kan vise til ein vekst på 19% frå 2015 til 2016. I 2016 vart storsalen oppgradert med nye seter og nytt teppe.

Bibliotek

I samme bygg som Karmøy kino finn du Karmøy folkebibliotek. Bibliotektenesta er ei lovpålagt oppgåve. I 2013 vart biblioteklova endra, og folkebiblioteka si rolle som ein arena og møteplass for formidling, offentleg samtale og debatt vart understreka. Forutan

hovudbiblioteket er det bibliotekfilialar i Skudeneshavn, Åkrehamn og på Norheim. Meir informasjon om temaet står i egen bibliotekplan.

Idrett, idrettshallar og svømmehallar

Karmøy har eigen idrettsrådgjevar som samarbeider med idrettsrådet og idrettslaget i kommunen. Det finnes sju kommunale idrettshallar og to private hallar i Karmøy. Det er ope svømmetilbod i to svømmehallar, Karmøyhallen og Vormedal svømmehall, sistnevnte tilbod drifta av Karmøy svømmeklubb.

Kulturhus

Norheim, Torvastad, Kopervik, Åkrehamn og Skudeneshavn kulturhus er kommunale kulturhus med faste tilbod til barn og unge. Her blir fem fritidsklubbar og tre klubbar for utviklingshemma drive. Kulturhusa blir brukt som undervisningslokale for kulturskulen. Kulturhusa er mykje brukt av frivillige organisasjonar. Torvastad skole og kultursenter opna i 2015. Senteret er basert på tanken om at skule og kultur skal sameksistere i eit felles kultursentrum for bygda Torvastad, saman med idrettshallen Torvastad arena. Ingen av kulturhusa i Karmøy er bygd for kulturføremål åleine.

Frivillige og private kulturarenaer

Forutan dei kommunale kulturhusa er det over nitti foreningsbygg og ti til femten private/kommersielle kulturarenaer. Sidan Karmøy kommune ikkje har ein arena dedikert til framføring av musikk og scenekunst, samarbeidar ein ofte med både frivillige og private om mindre kulturarrangement, som konsertar og forestillingar.

Kulturskule

«Alle kommuner skal, alene eller i samarbeid med andre kommuner, ha et musikk-/kulturskoletilbud til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og det øvrige kulturlivet.» Paragraf 13-6 i Opplæringslova av 1997.

Karmøy kulturskule har eit breidt tilbod innan musikk, visuelle kunstfag og scenekunst (teater, musical, nysirkus og dans), og fleire store publikumsoppsetjingar årleg. Undervisninga i dei mange faga foregår desentralisert, og administrasjonen held til i Karmøy kulturhus i Åkrehamn.

Kulturskrinet og Kulturstokken

Gjennom Kulturskrinet (Den kulturelle skulesekken, DKS) har Karmøy sidan 2001 hatt ei omfattande satsing på profesjonell kulturformidling i grunnskulen og barnehagane. DKS er finanisert hovedsakleg gjennom spelemedler og er eit samarbeidsprosjekt mellom skule og kultur i oppvekst- og kulturetaten. Karmøy er ein av elleve kommunar i landet som lagar eige DKS-program. Sidan 2007 har kommunen satsa på profesjonell kulturformidling til eldre i institusjon og opne arrangement i samarbeid med pensjonistforeningar gjennom Kulturstokken (Den


kulturelle spaserstokken). Tiltaket er i hovudvekt statleg finansiert, og er eit samarbeid mellom oppvekst- og kultur og helse- og omsorgsetaten.

Forvaltning og formidling av kulturminner

Karmøy er rik på kulturminner. Forvaltning og formidling av kulturarven er eit omfattande arbeid som fleire medarbeidarar er dedikerte til. Særskilte satsningar er Avaldsnes og Gamle Skudeneshavn. I Kommunedelplan for kulturminner 2015-2020 finnes meir informasjon om temaet.

Kulturkartlegging

Hausten 2016 vart det gjennomført ei interkommunal undersøking for å kartlegge kulturinteressa og kulturaktiviteten på Haugalandet. Den første undersøkinga er ein kartlegging av status. Eventuelt seinare undersøkingar vil seie noko meir om utviklinga. Interessa for ulike aktivitetar skil seg ikkje noko særleg ut i Karmøy kommune i høve til dei andre kommunane.



Figuren viser ulike aktivitetar som respondentane er mest interesserte i.

I undersøkinga er det mellom anna kartlagt ulike aktivitetar av respondentane. Mosjon og bruk av friluftsområde er dei mest populære aktivitetane med over 70 % som gjer dette månadleg eller oftare.

3.2 Bakgrunn for satsingar og temaval

Økonomi

Kulturfeltet har blitt gjenstand for økonomiske kutt dei siste budsjettperiodane, og sjølv om ein del av kutta delvis har blitt tilbakeført er økonomi ein gjennomgående utfordring på kulturfeltet. Både sentralt og lokalt snakkast det om eit uutnytta potensiale i større samarbeid innan kultursektoren, særskilt innan frivilleheit.

Økonomiske utviklingstendensar indikerer at dei sosiale skilnadane i Karmøy blir tydelegare (Karmøy kommune 2014). Auka sosiale skilnader er ein uønska utvikling i

samfunnet og det å legge til rette for eit godt oppvekstmiljø reknast difor som ein god investering for kommunen. Gode fritidstilbod reduserer moglegheita for at barn fell utanfor på grunn av sosiale skilnadar.

Strategiar for å møte utfordringar

Gjeldande kommuneplan skisserer ulike strategiar for å møte utfordringane i kulturfeltet (Karmøy kommune 2014:90):

- *Høgare prioritering av kultursektoren – styrking økonomisk men også ved å spesialisere tilbod og gjøre dei mindre desentraliserte*
- *Styrke samarbeidet i kulturlivet – legge tilrette for sterke samarbeid mellom aktørane i kulturlivet*
- *Utvikling av ei kulturell «storstove» for Karmøy – leggje tilrette for fleire, større og meir varierte konserter og kulturarrangement. Dette vil og vere ein bidrasyta til utvikling av kulturmiljø og stadsutvikling*

Omdømme

I samband med arbeidet med kommuneplan for Karmøy kommune utførte Apeland informasjon ei omdømmeundersøking i 2012. Særskilt hos kommunen sine eigne innbyggjarar er omdømmeresultatet godt, medan i nabokommunane er folk meir skeptiske til Karmøy kommune. Også hos innbyggjarar i alderen 24-35 år innad i Karmøy kommune, er omdømmet svakt. Denne gruppa er verdifull for framtidig samfunnsutvikling i kommunen. Ein av dei moglega strategiane som blir nevnt i kommuneplanen for å betre omdømmet til Karmøy kommune, er å vidareutvikle Karmøy som stad å bu, og som reisemål: «Det er også viktig å halde oppe eit breidt og godt kulturliv, ikkje minst ved å legge til rette for frivillig verksemd. I kommunen sin eigen kulturformidling er det ei utfordring å styrke aktivitetar og opplevingar for heile familien» (Karmøy kommune 2014:49).

Demografi og identitet

Karmøy har ein desentralisert demografi. Dette byr på visse utfordringar i høve å samle kommunen sine innbyggjarar omkring felles kulturopplevingar. I kommuneplanen blir den sterke identiteten til byane og bygdene og peikt på som ein mogleg grunn til at Karmøybu-identiteten ikkje er utprega sterkt. Kommunen er ein låginntektskommune, og kulturtilbodet er tradisjonelt sett organisert desentralt etter sonetenking. Denne løysinga bidreg til å oppretthalde ein relativt dyr struktur innan kulturfeltet.

I budsjettkommentar for 2017 løftar rådmannen fram tilflytting og auka skatteinngang som den mest fruktbare strategien i høve å auke kommunen sine inntekter. For å få fleire tilflyttarar til Karmøy kommune må det arbeidast målretta med å betre kommunen sin attraktivitet. Det er fleire faktorar som spelar inn når ein skal avgjere kva som gjer ein kommune til ein attraktiv stad å bu. Eit godt kultur- og

aktivitetstilbod for heile familien er sentralt, samt gode skular og tilgang til rekreasjonsområder.

Styrking av kulturtildet og auka overføringar til frivillige organisasjonar er ein mogleg strategi for å auke bu- og besøksattraktiviteten til Karmøy kommune. Ein annan sentral faktor er gode arenaer for kulturoppleving og kulturaktivitet.

Kultur og stadutvikling

Karmøy er den einaste kommunen i landet med tre byar. Desse byane er viktige sentra for kunst- og kulturformidling. Kommunesenteret Kopervik med kino, hovudbibliotek og galleri, Åkrehamn med kystkulturen og strendene i vest og Skudeneshavn, festivalbyen i sør med sin verdifulle trehusbebyggelse.

I samarbeid med byutviklingsgruppene i Åkrehamn, Skudeneshavn og Kopervik er det satt i gang byutviklingsprosjekt for kommunen sine tre byområde. Kulturen si rolle er framheva særskilt i samband med arbeidet med å skape eit kulturelt sentrum. Ein analyse av moglegheitar og utfordringar i dei tre bysentra vil vere eit godt utgangspunkt for vidare utvikling av eit Karmøy for framtida. Kunst og kulturfeltet vil vere ein ressurs for stadutvikling i Karmøy, og det bør leggast opp til ein god dialog med byutviklingsgruppene og lokale kulturaktørar i prosessen. Gjennom målretta planlegging av arkitektur og landskapsarkitektur og kunst i offentlege rom er det mogleg å fremje møteplassar for kulturaktivitet i friluftsområde, friluftscener og parkar, samt i kommunale bygg. Eit særskilt fokus er å sikre tilgjenge for alle. I samband med byutviklingsprosjektet i Karmøy kommune bør det å legge til rette for kulturutøving og –oppleving vere ein sentral og samlande faktor.

Innspelsmøter

I det første innspelsmøtet om kulturplanen kom det inn fleire ulike tema, satsingsområde og utfordringar. Kommuneplanen sin samfunnsdel har fem tema, som går på tvers av etatane sine verksemder og fagområde. Dei tre første er folkehelse, barn og unge og omdømme. Desse skal vere eit overordna fokus i heile kommunen sin verksemd, medan dei to siste, frivillighet og integrering, skal vere viktige element i dette arbeidet. Barn og unge, folkehelse, frivillighet og integrering var tema som fekk merkbart fokus i innspelsprosessen i første runde. I tillegg var publikum opptekne av at Karmøy bør få eit kulturelt sentrum, ein arena der innbyggjarane kan samlast om felles kulturopplevingar. Med bakgrunn i å få oversikt over status innan dei ulike kunstuttrykka var det og viktig å få kunstnarane i tale.

Sett i lys av dette vart frivilligkeit, profesjonell kunstformidling og arena for kultur tema for dei neste møta. Eit tema som gjekk att i fleire av innspelsmøta, og som tas opp igjen her, er den delen av befolkninga som opplever økonomiske, sosiale og fysiske hindringar i møte med kulturlivet.

Dei sektorovergripande tema er kjenneteikna av at dei er direkte vinkla mot Karmøy sine kvalitetar som eit samfunn, med eit større fokus på menneska som inngår i kommunesamfunnet (Karmøy kommune 2014:18).

Med bakgrunn i status for kulturlivet i Karmøy og Kommuneplan for Karmøy kommune for 2014-25, samt konkrete innspel i opne møte er desse satsingsområda valgt ut for perioden 2016-25:

- *Kultur for alle*
- *Frivillege Karmøy*
- *Ung kultur*
- *Kulturelt aktive eldre*
- *Karmøykunstnarar og kunstformidling*
- *Kulturarvformidling, kulturbasert reiseliv og kulturnæringer*
- *Arena for kultur*

I planen vil desse satsingsområda for kulturverksemda i perioden 2016-2025 drøftast særskilt, i form av langsiktige mål, status, utfordringar og alternative utviklingsstrategiar.

4. Satsingar i perioden 2016-25



Barn fra Læringsverkstaden Åkrasanden på drageflyging og blått flagg-opning på Åkrasanden 2015

foto: Astrid Havn Tranøy

Kunst og kultur uttrykker individens egen identitet, egenverdi og skaperevne. Kunst- og kulturopplevelser skaper rom for utveksling av og bekrefteelse av felles verdier, tradisjoner og ritualer. Karmøy skal fremme forståelsen av kunst, kultur og kulturvern som en verdi i seg selv og som en ressurs i stedsutvikling, reiseliv og samfunnsbygging.

Kommuneplan, samfunnssdel, kap 5.8: Kultur og kulturvern, Overordna mål

Kultursektoren blir sett på som ein viktig ressurs i prosessen for å skape attraktive stader og lokal- og kommunesamfunn. Kultursektoren er ein viktig samfunnsbyggjar som skaper attraktivitet gjennom omdømme- og identitetsbygging. I tillegg fremjer kultursektoren viktige eigenskaper som kreativitet og innovasjon. Alle desse tilhøva er viktige komponenter i både den lokale og regionale utviklinga (Karmøy kommune 2014:76).

4.1 Kultur for alle

Inkludering går ut på å fjerne barrierar for deltaking, anerkjenne ulike stemmer og å skape like moglegheiter for alle individ og grupper på alle samfunnsområde (Inkluderingsmeldinga)



Living history-prosjekt i Mælandsgården med Vågen læringsenter. Foto: KarmøyNytt

Fleire personar og grupper kan oppleve fysiske, mentale og økonomiske hindringar i møte med kulturlivet. Deltaking i kulturlivet er ein viktig måte å ta del i samfunnet. Ei av hovudmålsetjingane for Karmøy kommune er å vere ein inkluderande og mangfaldig kommune med rom for alle og muligheter for den enkelte (Strategikart målpunkt 4). Karmøy kommune skal arbeide for universell utforming, god informasjon i kulturlivet og økonomisk utjamning på kulturarenaer. Fysisk utforming, nettbasert kommunikasjon og økonomi skal ikkje vere til hinder for barn og unge si deltaking i kulturlivet. Innbyggjarar innan rus og psykiatri, utviklingshemma, eldre og innvandrarar er døme på grupper som ikkje har like god mulighet til å delta på kulturarenaer. I forhold til å skape ei meiningsfull fritid kan det for enkelte grupper vere aktuelt å setje i gang tiltak som fritidskontakt. For å unngå aukande eller varige sosiale skilnader mellom innvandrarar, innvandrergrupper og resten av befolkninga er det viktig å arbeide for auka deltagelse i samfunnslivet hos innvandrergrupper, til dømes gjennom deltaking i frivillige organisasjonar. Det skal leggast til rette for at innbyggjarar med ulik kulturell bakgrunn får utøva kulturen sin og det skal arbeidast for kulturmøte og fleirkulturelle aktivitetar for å skape forståing, respekt og kunnskap.

Mål

Møteplasser for inkludering, mangfold og kreativitet

Alle skal ha moglegheit til å delta i kulturlivet

Mål

Møteplasser for inkludering, mangfold og kreativitet

Alle skal ha moglegheit til å delta i kulturlivet

Status og utfordringar

Karmøy kommune har eit rikt kulturliv, både gjennom frivillege organisasjonar og kommunale tilbod. Hovudvekta av tilboda er retta mot barn og unge opp til 18 år. Ein tredjedel av befolkninga er barn og unge. Folketalet aukar på grunn av fødselsoverskott og innvandring. Stadig fleire av den oppveksande generasjon er individer med kulturell bakgrunn frå andre stader i verda. Det er ein tendens til at barn av innvandrargar ikkje deltar i og har større fråfall frå kultur- og idrettsaktivitetar. Innvandrargar har ein lågare tilknyting til arbeidslivet. Mange innvandrargar og flyktningar har mykje å bidra med i kulturlivet, og det er viktig med arenaer for kulturmøte og gjensidig respekt. Karmøy har ein aukande andel av befolkninga som lever under fattigdomsgrensa (Oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktor 2016 – Karmøy kommune). Fleire faktorar kan vere til hinder for deltaking i fritidsaktivitetar. Karmøy har ein del arenaer for kulturutøving som er bygd før krava om universell utforming vart innført. Dette fører med seg at ikkje alle stader er like godt tilrettelagte for menneske med nedsatt funksjonsevne. Teknisk etat har utarbeida ein plan for universell utforming av kommunale bygg og uteområde. I kulturkartlegginga (2016) vart det også undersøkt kvar den enkelte søkte informasjon om dei ulike kulturaktivitetane. Funna i undersøkinga vil kunne bidra til å skape ein bedre kommunikasjonsstrategi ovenfor de ulike målgruppene.

Tiltak

- Skape møteplassar for kulturell utveksling på tvers av generasjonar, kulturell og sosial bakgrunn.
- Lavterskel kulturtildi i form av kurs, verkstader og prosjekt som er opne for alle, men spissa mot innvandrar og flyktingegrupper
- Økonomiske reduksjons- og fritaksordningar for barn og unge
- Leggja til rette for personar med nedsatt funksjonsevne i kulturaktivitetar
- Utarbeide ein kommunikasjonsstrategi for kulturtildi
- Vurdere etablering av fritidskontaktordning

4.2 Ung kultur

«Alle barn har rett til fullt ut å delta i det kulturelle og kunstneriske liv og tilgang til eigna og like muligheter for kulturelle, kunstneriske, rekreasjons- og fritidsaktivitetar»
FN sin barnekonvensjon artikkel 31



MimiMoro Foto: Astrid Havn Tranøy

Barndomstida for einkvar har sine lyshøgder, som sidan strålar gjennom heile livet, har H.C. Andersen sagt. Karmøy kommune vil skape rom for over ti tusen små og store lyshøgder, som alle skal få moglegheiten til å skine gjennom ein aktiv barn- og ungdomstid. Eit overordna mål i Kommuneplan for Karmøy kommune er: *at Karmøy skal vere eit godt oppvekstmiljø for barn og unge, ein kommune der barn og unge har trygge og aktivitetsfremjande nærmiljø, levekår som gjev anledning til å utvikle sine evner, og moglegheiten til å påverke utviklinga til sitt eige lokal- og kommunesamfunn* (Karmøy kommune 2014).

Frivillege organisasjonar gjer ein viktig jobb for å skape ei meiningsfull fritid for barn og unge. Kulturskulen formar, gjennom fokus på breidde og talent, ein arena for skaparglede og læring. Ein prioritering er at alle barn og unge har moglegheit til å delta aktivt i kulturaktivitetar, uavhengig av sosial situasjon og fysiske utfordringar.

Mål

Alle barn og unge skal ha mogleheten til å skape seg ei meiningsfull fritid

Barn og unge med ei djup interesse innan kunst og kultur skal ha gode mogleheter for vidareutvikling

Alle barn og unge i Karmøy skal ha tilgang til og god informasjon om kulturaktivitetar

Mål

Alle barn og unge skal ha mogleheten til å skape seg ei meiningsfull fritid

Barn og unge med ei djup interesse innan kunst og kultur skal ha gode mogleheter for vidareutvikling

Alle barn og unge i Karmøy skal ha tilgang til og god informasjon om kulturaktivitetar



Mælandsgården Foto: Astrid Havn Tranøy

Status og utfordringar

Kulturarbeidet retta mot barn og unge har gjennom kommunale tilbod som kulturskulen, Kulturskrinet (DKS) og Ung Kultur Møtes (UKM) fokus på mangfold, kvalitet og breidde. Det kommunale ungdomsarbeidet er sentrert rundt aktiviteten i fem ungdomsklubbar. Dei siste åra har det vore ei samla satsing på rytmisk musikk med satellittprosjekt som Karmøyfestmesterskapet i pop og rock, School of Rock, samt rockerom i alle kulturhusa. Karmøy har ein rik kulturarv, og det er naturleg å fokusere på formidling av denne til barn og unge. I satsingar som Eventyrjakten og living history-prosjekt som Hiv away! vekker borna sjølve, saman med familie og profesjonelle skodespelarar, kulturarven

til live gjennom spanande skattejaktar og forteljingar. Eit kulturminnespel har blitt utvikla. Barnehagane har fått eit eige verktøy for å søke kunnskap om kulturminner i nærmiljøet gjennom Kulturminnepakken for barnehagane. Samla sett gir frivillege organisasjonar og kommunale tilbod eit breidt og desentralisert kultur- og fritidstilbod til den yngre generasjon. Frivillege organisasjonar som har eit tilbod til barn og unge blir prioritert ved tildeling av tilskot. Kulturskulen i Karmøy tel ca 1200 plassar innan musikk, visuell kunst og scenekunst. Kulturskrinet lagar eit kulturelt program for nærmere 6000 skulelevar årleg. Store delar av programmet blir bestemt av elevrepresentantar. Kulturskrinet har som ein av få kommunar faste årlege tilbod til barnehagebarn. Karmøy er medlem av Rikskonsertane og har avtale med Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design, som leverer ei utstilling årleg til elevar i grunnskulen. Kulturhusa har fritidstilbod til barn og unge, og tilbyr forestillingar for småbarnsfamiliar gjennom MiniMoro.

Den årlege undersøkinga gjennomført i barnehagar i Karmøy syner at førskolebarn i ulik grad nyttar kulturtarboda i kommunen. Svømmehallar, frivillege organisasjonar og biblioteket er dei tilboda som nyttast oftast. Ungdata-undersøkelsen frå 2016 syner at 68 % av ungdommane i ungdomsskolealder i Karmøy deltar i organiserte fritidsaktivitetar. I undersøkingar gjort blant ungdom i ungdomsklubb og skulelevar i samband med arbeidet med kulturplanen, kom det fram at ungdommane i Karmøy er nøgde med mange av dei tilboda dei deltek i. Derimot etterspør dei tilbod som allerede eksisterer. Det er ei utfordring å nå ut til barn og unge med nødvendig informasjon om kulturtarbod.

Det er ynskjeleg med ei breid kommunal satsing innan ulike kulturuttrykk for å sikre mest mogleg lik tilgang til kulturlivet. I samband med dette skal det sjåast på om Kulturskrinet, kulturskolen og UKM kan gå inn i fleire felles satsingar. Det er ei utfordring å ta vare på og legge til rette for vidareutvikling av talent og interesser. Med bakgrunn i dette skal det lagast strategiar både for breiddesatsing og fordjupning.

Tiltak

- Strategi for breiddesatsing innan ulike uttrykk
- Strategi for tilrettelegging for fordjupning i kunstuttrykk

Mål

Kulturelt aktive eldre

Profesjonelt kulturliv skal vere ein naturleg del av tilbodet til eldre

4.3 Kulturelt aktive eldre

«*Eldre mennesker eller andre som ikkje så lett kan oppsøke ordinære kulturtilbod, har like stort behov for – og rett til – kunstneriske og kulturelle opplevingar som alle andre. Kulturtiltak og tilgjengelighet til kulturtilbod er eit svært viktig element i ein heilskapleg omsorgsteneste.*» Mestring, muligheter og meinings (St.m. 25 2005-06)



Årgangsjazz i samarbeid med Sildajazz Foto: Astrid Havn Tranøy

Aktive og sosiale eldre held seg lengre friske, og kulturelle aktivitetar og møteplassar skaper gode nettverk og hindrar einsemd. Eldre har variert smak innan kunst og kultur, og eit behov for kvalitativt gode kunst- og kulturopplevingar. Med bakgrunn i at alle kulturaktivitetar ikkje er like tilgjengelege for alle, oppretta Stortinget «Den kulturelle spaserstokken» etter modell av «Den kulturelle skolesekken». I 2008 starta Karmøy opp med formidling av profesjonell kunst og kultur til eldre gjennom Kulturstokken. Kulturstokken skal syte for eit kulturtilbod som strekk seg endå litt lengre.

Mål

Kulturelt aktive eldre

Profesjonelt kulturliv skal vere ein naturleg del av tilbodet til eldre

Status og utfordringar

Kommunen formidlar profesjonell kunst og kultur gjennom Den kulturelle spaserstokken, lokalt kalla Kulturstokken. Tiltaket er finansiert av statlege og kommunale midler. Kulturstokken tilbyr kulturelle opplevingar ved ulike arenaer; bu- og behandlingsheimar, dagtilbod og pensjonistforeningar i kommunen. Ordninga i Karmøy skil seg ut med eit aktivt samarbeid med pensjonistforeningar om eit profesjonelt kulturtildot til heimebuande eldre.

Pensjonistforeningane har møter og aktivitetar utanom samarbeidet med Kulturstokken. Fleire frivillege organisasjonar i kommunen har tilbod retta mot eldre, og det er mange aktive deltagarar i seniordans, seniornett og Karmøy senioruniversitet.

Karmøy kommune vil oppleve sterk vekst av andel eldre i befolkningen, og folkehelse og forebygging er sentrale omgrep framover. Under temaet folkehelse i kommuneplanen blir det understreka at ulike forebyggande og helsefremmande tiltak i nært samarbeid med frivilleheit for denne gruppa bør vektleggast.

Det kan vere ei utfordring å nå eldre som bur heime. Noko av tanken bak Kulturstokken er at mange av dei som ikkje i så stor grad kan oppsøke kulturlivet like fritt som før skal bli sikra eit kulturtildot. Det er eit bevisst val at ein omfattande del av programmet i Kulturstokken er lagt til arenaer der heimebuande eldre møtest. Mange medlemmer i pensjonistforeningar er flinke til å dra kvarandre med, hente og bringe. Eit samarbeid med pensjonistforeningar kan bidra positivt til at eldre held seg kulturelt aktive. Ein positiv ringverknad av å satse på kulturtildot til eldre er folkehelsevinsten.

Tiltak

- Vidareutvikle og styrke Kulturstokken som formidlingstiltak

4.4 Frivillege Karmøy

«Frivillighet er å leve. Frivillighet er å skape. Frivillighet er å gå på talerstolen med saker du brenner for. Frivillighet er å se og bli sett og høre til»

Sven Molleklev, Røde Kors-president og tidlegare styreleiar i Frivillighet Norge



Skudenes turn Foto: Astrid Havn Tranøy

Ifølgje kulturlova skal kommunen syta for at kulturlivet har føreseielege utviklingskår. I Kommuneplan for Karmøy kommune 2014-25 er følgande overordna mål slått fast for det sektorovergripande temaet frivillighet: *Karmøy kommune skal legge til rette for og vere støttespelar for ein levande, nyskapande, mangfaldsrik og uavhengig frivillig sektor.* Støtteordningane for frivillig arbeid skal vere godt kjente i Karmøy kommune, og det skal vere god dialog med det frivillige.


I følgje tal fra SSB tilsvarer det frivillige arbeidet i Noreg no nesten 150 000 årsverk (www.ssb.no). Forskning viser at 61% av befolkninga har gjort frivillig innsats for ein frivillig organisasjon (Folkestad mfl 2015). Frivillighet er limet i samfunnet og utgjer ein enorm ressurs i samfunnsutviklinga. Aktivisering på fritida gjev fellesskap og glede og aukar forståing og toleranse, skapar nye kjennskap og tryggleik og tilhøyrslsle i lokalmiljøet. Mykje av frivilligheitene foregår i organisasjonar, men det finnes også enkeltståande frivillige som engasjerer seg gjennom frivilligkeitssentralar og nettbasert frivillighet. Den skapande frivillige aktiviteten kan også vere basisen for profesjonell verksemd, eller kima til ei kulturbasert næring.

Føreseielege rammevilkår for eit mangfald av frivillige organisasjonar

Mål

Føreseielege rammevilkår for eit mangfald av frivillige organisasjonar

Status og utfordringar



Kulturtilbod i Karmøy fordelt på frivillige og kommunale tilbod

Det er mange frivillige organisasjonar i Karmøy som står for høg aktivitet og stort engasjement. Frivillig aktivitet genererer enorme samfunnsmessige verdiar, populært sagt kan ei krone til ein frivillig organisasjon gangast med ti. I arbeidet med planen kom det fram at frivillege organisasjonar står for fleirtalet av kulturtilboda i Karmøy. Mange av desse driv mellom anna tilbod til barn og unge i sitt nærmiljø. Så godt som samtlege festivalar i Karmøy er drive av frivillige organisasjonar (med unntak av Vikingfestivalen, som blir arrangert av Opplev Avaldsnes AS) og alt overskott går tilbake til organisasjonane sitt arbeid.

I Karmøy eksisterer det fleire tilskotsordningar til organisasjonar som driv med frivilleg kulturarbeid. 1,8 millionar i driftstilskot blir fordelt på over 260 frivillege organisasjonar innan kulturfeltet årleg. I 2016 mottok 13 festivalar tilskot frå kommunen, totalt på kr 300 000. Tre av desse, litteraturfestivalen SILK, Olavsdagane og Karmøygeddon, er støtta av Kulturrådet. Skolekorps har eigen tilskotsordning, 10 skolekorps fekk tildelt driftstøtte på kr 492 000 i 2016. Full oversikt

over tilskotsordningane på kulturfeltet finnast på Karmøy kommune sine heimesider.

Frivillige organisasjonar blir stadig viktigare samarbeidspartnarar for det offentlege, og har ein viktig sosial funksjon både innad og utad. I 2016 vart det frivillige liv i Karmøy kartlagt av Frivillighet Norge i samarbeid med Karmøy kommune (Skogvang og Corwin 2016). Målet med kartlegginga er å utvikle ein frivilligheitspolitikk, finne ut korleis kommunen kan bidra til å styrke frivilligheiten sin posisjon og samarbeide best mogleg med frivilligheiten. Undersøkinga viser at 49% av frivilligheiten i Karmøy er kultur-, idrett- eller rekreasjonsorganisasjonar. Karmøy kommune fekk i 2016 eigen frivilligheitskoordinator. I høve planstrategien skal det utarbeidast ein egen plan for frivilligheit.


Medlemskap i frivillede organisasjonar i Karmøy i forhold til folketal, har gått markant ned frå 1992 til 2014, jamfør antal søknader til tilskotsordningar. Kulturkartlegginga (2016) viser at ca. 25% av dei vaksne over 15 år deltek i organisert foreningsarbeid. Dette er noko meir enn nabokommunane. Tendensar tyder på at dugnadsanda kan synast å ha blitt spissa meir inn mot den enkelte sitt interessefelt. Leiaturvikling og rekruttering av tillitsvalde er ei utfordring og det er vanskelig å rekruttere unge leiatarar til styrefunksjonar. Sær forbunda arrangerer eigne leiarkurs som er spesifikke innanfor sine felt, men desse er det lav deltaking på. Økonomi er ein dagleg utfordring og det administrative arbeidet, til dømes lønnsutbetaling, kan vere eit stort ansvar. Frivilligheiten treng gode og eigna lokaler for å kunne treffast og for å kunne utøve aktivitetane sine. Innanfor dette feltet, som mange andre, har det foregått ein profesjonalisering. Det som tidlegare haldt mål er ikkje lengre tilstrekkelig for å utøve dei ulike aktivitetane. Mobilitet og lokasjon spelar inn på deltaking og oppslutning i frivillige organisasjonar. Det kan vere ei utfordring å finne eigna lokaler som oppfyller alle kriterier. I innspelsprosessen etterlyser frivillige organisasjonar arena for informasjon frå og dialog med det offentlege, samt erfaringsutveksling og dialog med andre frivillige organisasjonar. Det er etablert faste dialogmøte med dei største festivalane. Det er viktig at tilskotsordningane til ein kvar tid er ajour med kulturlivet sine behov.

Tiltak

- Faste møtepunkt mellom kommunen og frivillige organisasjonar
- Revidere tilskotsordningar innan kulturfeltet kvart fjerde år

4.5 Karmøykunstnarar og kunstformidling


«For my part I know nothing with any certainty, but the sight of the stars makes me dream»
Vincent van Gogh



Ida Utvik

Foto: Jørgen Freim

Ifølge Telemarksforskning sin kulturindeks for 2013 finnes det i underkant av 80 registrerte profesjonelle kunstnarar busett i Karmøy. På landsbasis er det registrert 15 000 enkeltmannsforetak med definisjonen 'kunstnerisk virke' i Brønnøysundregistrene (Kulturnærings betydning for norsk økonomi (MENON/Perduco, 2009).



Profesjonelle kunstnarar i Karmøy fordelt på kunstuttrykk

Stadig fleire kunstnarar lever av å utøve sin kunst. Kunst- og kulturrelaterte næringar er i framvekst og fleire av Karmøy sine innbyggjarar vil verke innanfor dette feltet i framtida. Kommunen har eit ansvar for kunst og kultur som meiningsberar, for å legge til rette for utviklinga av ulike kunstuttrykk og utøving av kunst, og for å ta vare på den kunst og kulturarv som blir skapt for ettertida.

Kvifor er det viktig å ha utøvande kunstnarar? For å omskrive van Gogh sine ord – nokon må minne oss på stjernene sin prakt på himmelen, setje ord på det uforklarlege, visualisere det umoglege og tonesetje det som ikkje kan skildrast med ord. Me treng rom for fortolkingar av oss sjølve og det mellommenneskelege, og kunst skaper eit samtalerom for dette. Kunstnarar opnar opp der andre ser stengsler og skaper fellesskap der andre ser einsemd. Kunsten gir oss rom for å bearbeide. Kunstnarar set fokus på viktige samfunnstema og gir kraft til samtalens i det offentlege rom. Kunst er viktig for fellesskapet samstundes som kunst kan fungere som meiningsberar for enkeltindividet. Det er ynskjeleg at Karmøy kommune skal

Mål

Attraktive moglegheiter for utvikling for kunstnarar innan ulike kunstuttrykk

Avsette midlar til kunstnarisk utsmykking i nybygg i Karmøy kommune

Deltaking i lokalt, nasjonalt og internasjonalt kultursamarbeid

vere ein tilretteleggar for, fremme kunstproduksjon og vere ein markant bidragsytar innan formidling av kunst. Det offentlege har ein viktig posisjon når det gjeld kunstformidling. Kunstnarisk utsmykning av offentlege rom skjer når kunst av ulik art blir satt inn i ein samanheng og med ein hensikt. Utsmykking er ein effekt, ein annan er kunsten som bidragsytar til stadforståing, identitetsbygging og etiske og sosiale verdiar. I følgje KORO, statens fagorgan for og forvaltar av kunst i offentlege rom, reduserer tilgjengeleggjering av kunst av høg kvalitet sosiale skilnader i høve til at alle kan møte kunst i sin kvardag. I eit skulebygg til dømes kan utsmykning bidra til kreativitet, redusert støy og haververk, og kunsten kan tas i bruk i læresituasjonar og leik. Karmøy kommune bør utvikle ein strategi for innkjøp, formidling og forvaltning av kunst, og ha eit bevisst forhold til og ein plan for bruk av kunst i offentlege bygg.

Mål

Attraktive moglegheiter for utvikling for kunstnarar innan ulike kunstuttrykk

Avsette midlar til kunstnarisk utsmykking i nybygg i Karmøy kommune

Deltaking i lokalt, nasjonalt og internasjonalt kultursamarbeid

Status og utfordringar

Karmøy kommune deler årleg ut tre kulturstipend som fordelast til utøvarar på høgt kunstnarisk nivå som ynskjer vidareutdanning, deltaking på seminar/kurs, studiereise, treningsleir, deltaking i konkurransar og formidlingsprosjekt.

Stipendet blir fortrinnsvis delt ut til utøvarar innan idrett, kunst og kultur.

Det er ei utfordring å få unge nyutdanna kunstnarar frå Karmøy til å komme tilbake og etablere seg i regionen. For å få fleire kunstnarar til å etablere seg her bør det satsast meir bevisst og målretta for å bli meir attraktiv bu- og arbeidsstad for utøvande innan visuell kunst. Gjennom innspelmøte med kunstnarar vart det formidla ynskje om ein arena for dialog med kommunen, samt ein treffstad for ideutveksling og kreativt samarbeid mellom kunstnarar. Det er eit ynskje at kommunen skal arbeide for å gje unge kunstnarar gode vilkår for utøving av kunst. Fleire konkrete ordningar som artist in residence og kunstnarbustad i utlandet er foreslått, samt etablering av eit lokalt kunstnarråd. Artist in residence gjer det mogleg for kunstnarar og kuratorar å arbeide og opphalde seg andre stader enn i sitt vante miljø. Her kan dei få rom for refleksjon, produksjon og formidling i nytt miljø eller samfunn, og med nye teknikkar eller materialer.

Samstundes som kommunen skal hegne om det lokale kulturliv er det viktig å løfte blikket ut over eigen kommune og støtte eit grenselaust kulturliv. I dette inngår eit godt samarbeid med nabokommunane om gode arenaer for kulturell utvikling og møteplassar. Slik kan ein utvikle prosjekt i fellesskap, samordne tiltak og heve kompetansen gjennom erfaringsutveksling. Karmøy kommune har etablert faste møtepunkt for dialog og samarbeid med nabokommunane innan kultursektoren. På administrativt nivå blir det arrangert årlege interkommunale møter, samt at det er etablerte nettverk for samarbeid til dømes innan idrett, Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken. Tettare dialog og samarbeid mellom kulturadministrasjonane i Tysvær, Haugesund og Karmøy har resultert i fleire oppnådde mål: felles kulturbruksundersøking gjennomført i 2016, felles samlingar og kompetansebyggingstiltak, samt fellesprosjektet Nye Bølger.



MUNOR – ensemblet

Foto: Haakon Nordvik

Det interkommunale Musikkelskapet Nordvegen AS (MUNOR) er eigmnd av Karmøy og omkringliggende kommunar. MUNOR skal vere ein drivkraft for profesjonell musikkutøvelse i Nord-Rogaland, med hovudvekt på kunstmusikk. MUNOR har fem fast tilsette utøvande musikarar, samt er oppdragsgjevar for rundt sytti frittståande musikarar årleg. MUNOR samarbeidar mellom anna med Haugesund Teater og Haugesund Kammeropera, og er med i ei rekkje både musikalske og sjangeroverskridande prosjekt på Haugalandet. Kommunen gir faste driftsmidler til kunstnarisk produksjon og formidling gjennom MUNOR.



Kindred Fever under lansering av nye Bølger

Foto: John Arve Hveding

I 2016 starta Karmøy, Tysvær og Haugesund kommune eit talentprogram kalla Nye Bølger i samarbeid med SYSCO og STAR Rogaland (kompetancesenter for rytmisk musikk i Rogaland).

Programmet gir unge talent under 25 år innan rytmisk musikk bistand og veiledning i musikkbransjen.

Lokalt blir ein påvirka av globale og nasjonale tendensar, som igjen blir tilpassa eit lokalt preg. I det som populært har blitt kalla for globalisering, ser ein korleis globale og lokale strøymingar smeltar saman og tilpassar seg kvarandre også innanfor kulturen. Kulturelle møteplassar gir rom for ny erfaring, meiningsutveksling og forståing.

I Karmøy har ein hatt lang tradisjon for å delta i internasjonale kulturutvekslingar og -samarbeid. Deltaking i slike prosjekt er med på å auke forståinga, løfte blikket og gi ny kunnskap om seg sjølv og andre. Ofte fører nye impulser til kreative prosessar som igjen kan føre til nye spennande kulturaktivitetar og tiltak.

Det er ynskjeleg å samarbeide lokalt, nasjonalt og internasjonalt for å skape lågterskel arenaer for kulturmøte og kulturformidling.



Egget av Roald Tellnes, utsmykking ved Kopervik skole

Foto: Astrid Havn Tranøy

Tiltak

- Ta initiativ til å etablere kunstnarråd
- Etablere artist in residence
- Vurdere kunstnarbustad i utlandet i samarbeid med nabokommunar
- Kommunal strategi for innkjøp, formidling og forvaltning av kunst i det offentlege rom
- Setje av minst 1% av investeringsbudsjett for nye bygg til kunstnarisk utsmykking
- Leggje til rette for deltaking i interkommunale prosjekt
- Utføre interkommunal kulturbrukerundersøkelse
- Leggje til rette for deltaking i internasjonalt kultursamarbeid
- Utvikle samarbeid med vennskapskommunar

4.6 Formidling av kulturminner, kulturbasert reiseliv og kreative næringar

Det fantes et hus vi alle eide i fellesskap, og det het: fortiden, selv om vi hadde levd i forskjellige rom.

Angela Carter, forfatter

**Levande kulturminner som gode kulturelle møteplassar for lokale og
tilreisande**

Mål

Skape ei framtid på lag med fortida



Stig Roald Olsen og Nina Sele Foto:

KarmøyNytt

Karmøy kommune er rik på nyare og eldre kulturminne og fornminne, og har eit særskilt ansvar for å formidle historia som har utspelt seg her. Bevaring av kulturarven er ei viktig oppgåve. Minst like viktig er ansvaret for å formidle vidare kunnskap om og forståing for kulturarven, til glede for innbyggjarar, tilreisande og framtidige generasjonar. Kultur som næring er eit stadig veksande felt. Fleire vil i framtida arbeide innanfor denne sektoren. Det er glidande overgangar mellom kunst, design, kulturarvformidling og kreativ næring.

Mål

Skape ei framtid på lag med fortida

**Levande kulturminner som gode kulturelle
møteplassar for lokale og tilreisande**

Status og utfordringar

Rogaland høyrer til dei rikaste kulturminneområda i landet. Midt i dette område ligg Karmøy med Avaldsnes, Skudeneshavn og Visnes som nøkkelarenaer for formidling av vår rike kulturarv. Karmøy har fire private museum, Åkrehamn kystkulturmuseum, Mælandsgården, Karmøy fiskerimuseum og Vigsnes Grubemuseum. Samtlege mottek drifttilskot av kommunen. I tillegg eig kommunen Nordvegen Historiesenter. Alle elevar i Karmøysskulen besøker Mælandsgården i løpet av skuletida, og gjennom leirskuleopphold er elevane innom både Visnes og Avaldsnes. Timar med dugnadsinnsats sikrar publikum eit godt kulturarvformidlingstilbod i sesongen. Gjennom fleire formidlingsprosjekt har kommunen satsa på å bringe vidare kunnskap om vår spennande fortid, både som del av ein nasjonal historie med Noreg sitt eldste kongesete på Avaldsnes, den industrielle revolusjon med gruvene på Visnes og den lokale og vestlandske kystkulturhistoria med fiskeri- og handelsstaden Skudeneshavn. Nordvegen historiesenter og Gamle Skudeneshavn er to av dei arenaene som blir nytta mest i regionen i følgje kulturkartlegginga.

Ein stadig større del av økonomien blir knytta til varer og tenester som skal gje oppleveling og skape identitet. Koblinga mellom kultur, næring, verdiskaping og innovasjon innan kultur- og opplevelsasnæringane er sentrale omgrep. Regjeringa har oppnevnt eit eige næringspolitisk råd for kulturell og kreativ næring. I 2014 vart Kunnskapsverket etablert, eit senter for forskning på kulturell og kreativ næring (www.regjeringen.no). Karmøy har eit kulturbasert reiseliv, og fleire kreative næringar er knytt opp mot historisk interessante reisemål i kommunen og lokale festivalar. Mange festivalar mottar gjester frå både inn- og utland og marknadsfører kommunen langt ut over landegrensene. Festivalane gjev ringverknader til lokalt næringsliv og skaper liv i lokalsamfunnet og fellesopplevelingar. Det er ei utfordring å auke besøksattraktiviteten i Karmøy og utnytte potensialet som ligg kreativ næring. Kreative næringar sjåast i samanheng med kommunen sin næringsplan.

Tiltak

- Fremme kunnskap, forståing og interesse for kulturminner og kulturmiljø heilt fram til vår tid gjennom informasjon og formidling (kulturminneplanen)
- Auke besøksattraktivitet gjennom vidareutvikling av kulturbasert reiseliv (reiselivsplanen)

4.7 Arena for kultur



Pictures of Pain, festforestilling Karmøy kino 2015. Foto: Jørgen Freim

«Kulturen kan gi trygge arenaer der forskjelligheter møtes, der neste generasjon utvikler ny kunst og kultur som forener, fremfor å dyrke kulturelle særegenheter. Gode arenaer der et mangfold av kulturuttrykk skapes, levende kunstfelt som gjør seg gjeldende i det offentlige rom, som er dynamisk og offensivt»
Kulturminister Linda Hofstad Helleland, NRK Ytring 22.12.2015

Tilgjengelege arenaer for formidling av kunst og kultur er viktig for å bygge sosiale fellesskap og rom for framvekst av eit variert kunst og kulturliv. Ved å tilretteleggje for kulturaktivitet skaper ein samstundes gode møteplassar for meiningsberande dialog. Biblioteket er nedfelt i lova å vere ein arena for samtale og debatt. Det offentlege har via infrastrukturkravet i grunnlova ansvar for å leggja til rette for ytringsfridomen. Kommunen skal fremja kvalitet og profesjonalitet i kulturtildobet. Eigna arena for samtale og debatt, arena for profesjonell kulturverksemd og arena for deltaking i kulturaktivitetar er sentrale for at kommunen skal oppfylle dei lovpålagte oppgåvane.

Mål

Arenaer som er bygd for eit aktivt og profesjonelt kulturliv på kulturlivet sine premisser

Tilrettelagte lokaler for ulike kulturuttrykk

Ferdig greia ut kultursenter


Mål

Arenaer som er bygd for eit aktivt og profesjonelt kulturliv på kulturlivet sine premisser

Tilrettelagte lokale for ulike kulturuttrykk

Ferdig greia ut kultursenter

4.7.1 Arena for kulturproduksjon og øving



Prosentvis oversikt over faste kjente frivillige og kommunale kulturtildelningar. Enkeltarrangement er ikkje registrert, deriblant kinoppsetjingar. Kartlegging i samband med arbeidet med kulturplan.

Bakgrunn og utfordringar

Karmøy har fem kulturhus der det foregår eit mangfold av kulturaktivitetar. I tillegg til formidling av profesjonell kunst, er dei lokale kulturhusa viktige for amatørkulturen. Husa betyr mykje for det lokale kulturlivet, spesielt for skuleelevar, førskulebarn og eldre, som ofte er avhengig av andre for å komme seg til ein kulturaréna.

Kulturlivet pulserer og lever både på dag og kveldstid, på samme måte som idretten. Kulturlivet tilpassar seg, har stå-på-vilje og dugnadsand. Karmøy kulturskule lever ein utfordrande kvardag i kulturhus og skular med lite tilpassa undervisningslokale, og har

ein aktivitet som krever meir areal enn tildelt. Kulturskulelærarane har ikkje tilfredstillande arbeidstilhøve i eksisterande lokale. Dei ulike husa som rommar kulturaktivitet står dagleg føre harde prioriteringar av øvingstider og produksjonslokaler. Nokon aktivitetar er mogleg å samlokalisere, medan andre, som til dømes scenekunst, husflid og visuell kunst, krev sin dedikerte plass.

Den grafiske framstillinga viser at musikklivet står sterkt i Karmøy. Den store gruppa kor, korps og profesjonelle musikarar i kommunen syner eit klart behov for øvingsarenaer for utøvande amatørar og profesjonelle kunstnarar, samt arenaer for framføring. Karmøy kulturskule er ein av kulturskulane med størst scenekunstavdeling i landet. Karmøy har etablerte øvingsrom for rytmisk musikk i alle kulturhus. Eit nitidig arbeid med å skape eit miljø for rytmisk musikk har skapt rom for framvekst av mange talentfulle pop- og rockegrupper. Det er utarbeidd Norsk Standard for rom og lokaler til musikkutøvelse. Få øvingslokaler i kommunen tilfredstiller denne standarden. Karmøy kommune har atelier i Kopervik kulturhus til utelege for utøvarar innan visuell kunst.

Det er ei utfordring å tilgjengeleggjere tilfredstillande øvingslokaler for frivillige, og det er få tilrettelagde produksjonsarenaer. Eksisterande formidlingsarenaer har begrensa bruksmogleheit for fleire kunstuttrykk. Karmøy kommune har ikkje etablert arena for formidling av scenekunst, dans eller musikk, som er dei mest utbreidde kunstuttrykka.


Med bakgrunn i dette bør tilrettelegging for produksjons- og øvingslokaler innan scenekunst og musikk vere ei satsing i Karmøy kommune.

4.7.2 Arena for formidling

Bakgrunn og utfordringar innan ulike kunstuttrykk

Musikk og scenekunst

Karmøy kino har ein storsal med 388 seter, og er per dags dato den salen som har plass til flest sittande publikummarar. Salen er utforma til kinodrift, men blir rundt tjue gongar i året leigd ut til større kulturarrangement. Kinosjefen mottar henvendelsar årleg frå profesjonelle aktørar om andre arrangement, men dette blir sjeldan realisert. Storsalen i Karmøy kino har god akustikk men manglar fast lyd og lysutstyr. Ved bruk av eksternt lyd og lysutstyr egnar salen seg til konsertar. Kinodriften må då utgå i andre saler på grunn av støy. Lydisolasjon samt større alternativ sal til kinovisning kan hjelpe på dette. Storsalen er ikkje egna til store scenekunstoppsætingar av di det manglar side- og bakscene og tilfredstillande rigg.



Karmøy kulturhus huser ei intimscene med teleskopamfi med plass til nærmere 190 publikummarar. Scena mangler side- og bakscene men er oppgradert på lyd og lysutstyr. Trass i at scena er brukt til danseundervisning er golvet ikkje tilrettelagt for dans.

Torvastad skole og kultursenter stod nytt i 2015 med ope amfi med plass til rundt 200 publikummarar. Salen har god akustikk for konsertar

Kopervik kulturhus har etablert Blackbox i den gamle gymsalen. Salen har plass til ca 100 publikummarar, men er utan faste sitteplasser. Det er ynskjeleg med mobilt teleskopamfi.

Scenene i kulturhusa egnar seg for små oppsetjingar som er scenografisk lite utstyrskrevande, med enkel rigg og få aktørar.

Det er ei utfordring at ingen scener i Karmøy fyller Riksteateret sine krav til scenerigg, scenestorleik, publikumsplasser og bak- og sidescener. Av same grunn er dei ikkje egna til store scenekunstoppsetjingar.

Scenene har ikkje egna golv for framføring av danseforestillingar. Innkjøp av dansematter kan vere ei midlertidig løysing. Eit permanent dansegolv kan gje tilfredstillande tilhøve til danseundervisning. Arena med tilfredstillande fasiliteter for dans er ei interkommunal utfordring.

Det er åtte kyrkjer i Karmøy som alle blir nytta jamnleg til framføring av sang og musikk. Avaldsnes kyrkje har markert seg på det klassiske musikkfeltet, mellom anna gjennom dei årlege Olavsdagane, og er ein populær konsertarena med god akustikk. Kyrkja er ei steinkyrkje frå 1200-talet og er difor ikkje egna for større framføringar. Kopervik kyrkje som stod ny i 2017 har større scene og krok til luftakrobatikk/tissue.


Fleire scener i kommunen er egna til framføring av rytmisk musikk, men det klassiske musikklivet saknar ein sal for framføring av kammermusikk. Dette er eit behov som går ut over kommunen sine grenser.

Mange peikar på idrettshallane i Karmøy som alternativ arena for kulturarrangement. Akustikkutfordringar (ekko), manglande isolasjon i fotballhallar, høge kostnader ved tildekking av golv eller kunstgras, riggetid og innøving, mangel

på scene, sidescene, bakscene, rigg, lyd og lysutstyr er nokon av utfordringane ved å ta i bruk idrettsarenaer til kulturføremål. I tillegg stjeler dette treningstid frå unge i idretten.

Det er ei utfordring at kulturhusa ikkje er bygd for kulturen sitt føremål. Lokale kor, skular, private og frivillige aktørar som ynskjer å setje opp store produksjonar må anten nytte Karmøy kino sin storsal, med sine begrensningar, til føremålet eller flytte forestillingane til nabokommunane Haugesund eller Tysvær.

Karmøy har få eller ingen oppsökande scenekunsttilbod, mest sannsynleg på grunn av manglande eller ikkje tilfredstillande scenefasiliteter. Haugesund Teater er eit regionteater, og har eit mål om å vere synleg i distriktet. Teateret har hatt fleire turnerande oppsetjingar i mellom anna Bømlo, Stord og Tysværtunet kulturhus. Ein eigna kulturscene vil ha plass til større forestillingar, samt gje moglegheit for framføring av profesjonelle teaterforestillingar, symfonisk musikk og dans i Karmøy kommune. Kulturkartlegginga viser at andel respondentar frå Karmøy som svarer at dei sjeldan eller aldri går på teater-, danseforestillingar eller musikalar er noko meir enn hos nabokommunane.



Bokbad av Tom Egeland under SILK

Litteratur

Litteraturformidling foregår på mange ulike arenaer i kommunen. Biblioteket har eit utstrekkt samarbeid med andre litterære formidlingsaktørar som festivalar og kulturscener, og deltek i interkommunale biblioteksamarbeid. Gjennom ulike arrangement tilbyr biblioteket variert og engasjerande litteraturformidling på utradisjonelle arenaer som arbeidsplassar og utelivsscener. Oppgradering av lokala til Karmøy folkebibliotek i Kopervik kan gjere biblioteket meir tilpasningsdyktig for nye krav.

Film

Karmøy kino er den viktigaste arenaen for formidling av film i Karmøy. Det er to små saler i tillegg til storsalen, med litt under femti seter i kvar. Desse er på sikt ikkje av ideell storleik. Filmmiljøet i Nord-Rogaland er lite, med nokre få etablerte filmselskap og filmprodusentar. Karmøy har ikkje tilskotsordning for filmskapning. Natur- og kulturområde som Avaldsnes og Skudeneshavn er attraktive stader for filming på location.

Gjennom Kulturskrinet er det gjennomført ei rekke filmverkstader med profesjonelle filmaktørar i grunnskulen. Karmøy kino har fast besøk av skuleelevar der film og kino er på tapeten. Det er ynskjeleg med ein større sal 2 i Karmøy kino, som både kan nyttast til kinodrift ved større kulturarrangement i sal 1, og til ordinær kinovisning.



Bok og film på Karmøy kino Foto: AHT

Visuell kunst

Karmøy kommune har eit galleri dedikert til visuell kunst, eit 50 kvadratmeters areal fordelt over to rom i 2. etasje i Kopervik kulturhus. Det er jamn aktivitet i galleriet med eigne utstillingar, samt utstillingar i regi av Karmøy kunstforening. I tillegg til aktiviteten ved galleriet i Kopervik kjem den årlege Karmøyutstillinga, samt utstillingar ved private galleri og festivalutstillingar. Takhøgda i galleriet i Kopervik kulturhus er på ca 3,5 meter. Galleriet egnar seg ikkje til utstilling av kunst av større dimensjonar. Det er behov for meir areal til formidling av visuell kunst i Karmøy.



Lunch-utstilling i regi av Karmøy kunstforening

Foto: Ståle Pedersen

4.7.3 Nytt kultursenter i Karmøy

Utviklingen av en kulturell "storstue" for Karmøy: En moderne kulturarena i Karmøy kan være et prosjekt som skaper en sterkere helhetsfølelse i kommunen. Den kulturelle "storstuen" kan tenkes å gi positive utslag for kommunens samlede kulturliv hovedsakelig gjennom flere, større og mer varierte konserter og kulturtildelser. Den kulturelle storstuen kan også fungere som et grunnlag som utfordrer og tilrettelegger for at kulturmiljøene kan utvikles

Kommuneplan for Karmøy 2014-25 (Karmøy kommune 2014:90)

Bakgrunn og utfordringar

Gjeldande status syner at fleire kunstfelt, som scenekunst, musikk og visuell kunst, ikkje har tilfredstillande formidlingsarenaer. Etterspurnad etter øvings- og produksjonslokale er stor.

Kulturhus, bibliotek, kyrkje, kino, forsamlingshus og andre kulturberande arenaer er viktige møteplassar. Her går det føre seg mellommenneskelege møte, meiningsberande aktivitet og integrering parallelt med frivillig aktivitet og profesjonell kulturformidling. I kulturmeldinga *Kunsten å være kirke* blir temaet kyrkja som kulturberar og kulturformidlar omtalt nærare (2005).

Behovet for eit samlande kultursenter i Karmøy er slått fast i rapporten *Kulturell storstue for framtida*, som vart initiert av Karmøy kommune i samarbeid med byutviklingsgruppene i Skudeneshavn, Kopervik og Åkrehamn i samband med kommuneplanen sin samfunnsdel (Kulturplan AS 2014).

I kommuneplanen peiker ein på ei svekking av «Karmøy-identiteten». Bakgrunnen for dette er store språklege, kulturelle og næringsmessige skilnader innanfor kommunegrensa som har utvikla seg til sterke lokale identitetar. Eit kultursenter for heile kommunen sin befolkning er foreslått som eit bidrag til å løyse opp i dette (Karmøy kommune 2014:90).

Med over førti tusen innbyggjarar er Karmøy kommune den største kommunen i landet utan eit hus bygd og utforma for kulturaktivitet. Stor aktivitet, og stadig større krav til profesjonalitet i både det frivillige og profesjonelle kulturlivet, krev bygg dedikert til kulturføremål. Ein arena tilpassa kulturlivet sine behov vil ikkje løyse alle utfordringar eller ha rom for alle kunstuttrykk. Eit nytt kultursenter vil på ei anna side gje Karmøy kommune moglegheit til å tilby innbyggjarane ein stad å samlast for felles kulturopplevingar.

Eit kultursenter gjev rom for aktivitet og konserter for og med ungdom, formidling av kunst og kultur til elevar og pensjonistar gjennom Kulturskrinet og Kulturstokken, kulturskuleforestillingar, skuleforestillingar og konserter med kor og korps. Samstundes som kultursenteret skaper rom for lokalt kulturliv opnast det ein moglegheit for formidling av regional, nasjonal og internasjonal kunst og kultur.



Foto: Jørgen Freim

Ein samlokasjon av kommunale funksjonar innan kulturfeltet kan gje fleire fordelar. Frå desentralisert drift i fem kulturhus til eitt kulturelt senter med sentraliserte tenester. Samlokasjon vil føre med seg høve til samdrift av kulturaktivitetar, innsparing i driftsutgifter, og bedre service for publikum på kveld, helg og i feriar. Kulturlivet vil bli mindre fragmentert og Karmøy vil få ein felles møteplass for kreativitet og oppleving. Med ein sentral formidlingsarena vil det bli mogleg å legge til rette for ei satsing på dei etablerte kulturhusa som nøkkelfrie øvings- og produksjonslokale for alle brukarar, og ein vil kunne heve kvaliteten på eksisterande tilbud ved å skreddarsy areal for ulik bruk og ulike behov.

Ei utgreiing av nytt kultursenter kan gje verdifull kunnskap. Arealbehov, behovsvurdering, nytteverdi av samlokasjon, publikumskapasitet og tilrettelegging for ulike kulturuttrykk er nokon av faktorane som bør vurderast i denne samanheng. I innspelsmøta kom det fram eit behov for ein sal for klassisk musikk i Nord-Rogaland. Det er og behov for fasiliteter for dans. Ei utgreiing bør sjå på om eit slikt hus kan fylle desse og/eller andre regionale funksjonar i tillegg til kommunale behov.

For at det frivillige kulturlivet skal bløme er det viktig å ivareta eksisterande kulturarenaer. Det bør støttast opp om frivillige organisasjonar som driftar eigne kulturarenaer, med særskilt omsyn til dei som har stor aktivitet innan utøving og formidling av kunstnariske uttrykk. Det er rundt nitti foreningsbygg med varierande bruk i Karmøy. Behovet for nye foreningsbygg vurderast til å vere lite.

Inntil eventuelt nytt kultursenter kan realiserast bør det vurderast å undersøke midlertidige løysingar som kan dekke behovet til kulturlivet. I rapporten *Kulturell storstue for framtida* blir utbetring av Karmøy kino peikt ut som ein utveg medan ein utredar eventuelt nytt kultursenter.

Tiltak

- Rom for kultur – maksimal utnytting av arenaer for kulturproduksjon
- Leggja til rette for utøving og formidling innan ulike kunstuttrykk gjennom tilgjengeleggjering av lokale for kunstproduksjon og formidling
- Utgreiing av behov for øvings- og produksjonslokaler
- Sentralisering av hovedformidlingsarenaer innan ulike kulturuttrykk
- Utgreiing av nytt kultursenter
- Midlertidig hovedarena for kunst og kulturformidling

Nasjonale, regionale og lokale føringar for kulturplanen

Nasjonale lover

Kulturlova (2007)

Kulturlova er meint å gje klart uttrykk for det ansvaret det offentlege har for å leggje til rette for at alle kan få tilgang til kulturopplevingar. Tilrettelegging blir eit delt ansvar mellom kommune, stat og fylke. Noreg skal vere ein leiande kulturnasjon som vektlegg kulturdimensjonen i alle delar av samfunnet.

Kommunedelplan kultur skal sikre at Karmøy kommune planmessig følger opp det ansvaret som følger etter kulturlova om å:

- fremja og legge til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd
- sikre at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfald av kulturuttrykk
- syte for at kulturlivet har føreseielege utviklingskår
- fremja kvalitet og profesjonalitet i kulturtilbodet gjennom å støtte tiltak økonomisk, iverksetje og finansiere eigne tiltak

Odelstingsproposisjon 50 – dokumentet bak kulturlova seier:

Kulturlova er ei generell lov som slår fast det ansvaret offentlege styresmakter har for kulturverksemrd og som skal gje einskildindivid reelt høve til å delta i kulturverksemrd.

Lova forpliktar til satsing på kulturfeltet, på lik linje med svært mange andre område i samfunnet som er regulerte på samme måte. Kulturlova er meint å gje klart uttrykk for det ansvaret det offentlege har for å leggje til rette for at folket kan få tilgang til kulturopplevingar. Føremålet skal vere å sikre eit mangfald av kulturaktivitetar over heile landet, og å sikre alle tilgang til eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod. Ei slik lov vil vere tenleg når det gjeld å synleggjera den viktige rolla kulturen har i samfunnet, og vil gje det kulturpolitiske feltet tyngd og status.

Grunnlova paragraf 100

Det såkalla infrastrukturkravet:

«*at legge forholdene til rette for en aaben og oplyst offentlig samtale*»

FN-konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar (1966)

Artikkel 15 – gjeld som norsk lov

Alle har rett til å delta i kulturlivet

FN-konvensjonen om barn sine rettighetar (1989)

Artikkel 31 – gjeld som norsk lov

Alle barn har rett til å delta i kunst og kulturlivet

Andre relevante lover for planarbeidet.

Plan- og bygningslova (2008)
Arkivlova (1992)
Lov om folkebibliotek (1985)
Kulturskolelova (§13-6 i Opplæringslova) (1997) – ny rammeplan snart
Oversikt over andre lovar som kan verke inn på arbeidet
Lov om kulturminner (1978)
Folkehelselova (2011)
Diskriminerings- og tilgjengelighetslova (2013)
Lov om film og videogram (1988)
Lov om vaksenopplæring (2009)

Nasjonale føringer

- **Stortingsmeldingar**
- Kulturpolitikk fram mot 2014 - St.meld. nr. 48 (2002-2003)
- Idrettslivet i endring – St.meld. nr. 14 (1999-2000)
- Den norske idrettsmodellen – St. meld. Nr. 26 (2011-2012)
- Kulturell skulesekk for framtida – St.meld. nr. 8 (2007-2008)
- Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv – St.meld. nr. 24 (2008-09)
- Bibliotek – St.meld. nr. 23 (2008-2009)
- Framtidas museum – St.meld. nr. 49 (2008-2009)
- Leve med kulturminner – St.meld. nr. 16 (2004-2005)
- Framtid med fotfeste – Kulturminnepolitikken – Meld. St. 35 (2012-2013)
- Fortid former framtid – Utfordringer i en ny kulturminnepolitikk (NOU 2002:1)
- Kultur og næring – St.meld. nr. 22 (2004-2005)
- Frivillighet for alle – St.meld. nr. 39 (2006-2007)
- Kultur, inkludering og deltaking – St. meld. nr. 10 (2011-2012)
- Kulturutredningen 2014 (NOU 2013:4)
- Tverrdepartemental handlingsplan for kulturnæringene – «Fra gründer til kulturbedrift» (2013)
- Kulturpolitikk fram mot 2014 - St.meld. nr. 48 (2002-2003)
- Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv - St. meld. nr. 24 (2008-2009)
- Knutepunkt - St. meld. nr. 10 (2008-2009)
- Samspill (Rytisk musikk) - St. meld. nr. 21 (2007-2008)
- Bak kulissene (Scenekunst) - St. meld. nr. 32 (2007-2008)
- Mål og mening (Språk og litteratur) - St. meld. nr. 35 (2007-2008)
- Den kulturelle skolesekken - St. meld. nr. 8 (2007-2008)
- Mestring, muligheter og mening (Den kulturelle spaserstokken) - St. meld. nr. 25 (2005-2006)

- 2008 som markeringsår for kulturelt mangfold (Vidareføring av kulturelt mangfold) - St. meld. nr. 17 (2005-2006) + Rapport
- Visuell kunst - St. meld nr. 23 (2011-2012)
- Strategiplan – for kunst og kultur i opplæringen 2007-2010: Skapende læring

- **Lokalt kulturliv i endring**

Lokalt kulturliv i endring (2009, Egeland og Villa) bygger på eit forskingsprosjekt om endringar i lokalt kulturliv som vart gjennomført i perioden 2007-2009, finansiert av Norsk Kulturråd. Føremålet med boka er å inspirere til refleksjon og debatt om lokalt kulturliv.

- **Rundskriv om satsing på barn og unge**

Årleg rundskriv frå barne- og likestillingsdepartementet om regjeringas generelle satsing på barn og unge, som også inneheld rettesnorer for kulturelt arbeid med barn og unge.

Kulturløftet I & II (2005-2009 & 2009-2014)

Kulturløftet inneber ei satsing på at kulturen sin status som samfunns- og politikkområde skal hevast og at Noreg skal være ein ledande kulturnasjon som legg vekt på kultur i alle delar av samfunnslivet. Kunst og kultur har stor verdi i seg sjølv. Samtidig har satsing på kultur mykje å seie for andre samfunnsmål som næringsutvikling og arbeidsplassar, integrering og inkludering, helse, læring og kreativitet.

Regionale føringer

Regional kulturplan for Rogaland 2015-2020. Planen omhandler fylkeskommunen si rolle i kulturpolitikken i Rogaland, og primært føringer for korleis Rogaland fylkeskommune plasserer seg i høve til lokale og statlige aktører på kulturfeltet med omsyn til strategiar og prioriteringar.

Karmøy kommune sine føringer

Kommunedelplan for kultur 2016-2025 vart vedtatt igangsatt av kommunestyret i samband med Kommunal planstrategi for 2012-2016 og er forankra i denne, samt kommunal planstrategi for 2016-2019 og Kommuneplan for 2014-2023.

Referansar

Bamford, Anne 2006: *The Wow-factor: the impact of arts in education.* Waxmann verlag.

Den norske kirke/Norske kirkeakademier 2005: *Kunsten å være kirke – om kirke, kunst og kultur.* Verbum forlag.

Folkestad, Bjarte, Dag Arne Christensen, Kristin Strømsnes og Per Selle 2015: Frivillig innsats i Noreg 1998–2014. Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.

Kulturhusplan DA 2014: *Utredning om «Ny storstue» for heile kommunen. Kommuneplan Karmøy, samfunnsdel 2012 – 2023*

Kvamme, Tone Sæther 2013: *Glimt av glede. Musikkterapi med demensrammede som har symptomer på depresjon og angst.* Doktorgrad.

Kulturnærings betydning for norsk økonomi (MENON/Perduco, 2009)

Karmøy kommune 2014: Kommuneplan 2014-2023, Samfunnsdel. Kommunestyret 16.06.2015 (Refererast forenkla til som «Karmøy kommune 2014» i teksten)

Karmøy kommune 2015: Bibliotekplan i Karmøy kommune

Karmøy kommune 2015: Komunedelplan for kulturminner 2015-2020

Karmøy kommune 2016: Retningslinjer for tilskudd til frivillige organisasjoner, stipend og priser innen kulturfeltet i karmøy kommune

Lenker

Statistisk sentralbyrå 2016: Satellittregnskap for ideelle og frivillige organisasjoner, 2014.

<http://ssb.no/nasjonalregnskap-og-konjunkturer/statistikker/orgsat>

Komunedelplan for kulturminner:

<http://www.karmoy.kommune.no/no/news/planer/planoversikt/kommunedelplaner/filer/kommunedelplan-for-kulturminner-2014-2020/kommunedelplan-kommunedelplan-for-kulturminner.pdf>

Grunnlagsmateriale og arbeidsgruppe

Det har blitt holdt fire innspelsmøter med ulike tema, og fire møter med kulturaktørar og frivillige, samt gruppeintervju av grunnskuleelevar, kulturskuleelevar og ungdommar ved samtlege ungdomsklubbar i Karmøy.

Kulturavdelinga har kartlagt faste kulturtildelinger i Karmøy, både frivillige og offentlege. Private tilbod kjem i tillegg til dette. Desse har ikke blitt kartlagt av di det er vanskelig å få ei total oversikt her. Oversikt over foreningsbygg og private kulturbygger har blitt utarbeida.

Arbeidsgruppa for kulturplanen har bestått av avdelingssjef kultur John Arve Hveding, kulturskulerektor Kirsten Jæger Steffensen, seniorrådgjevar oppvekst- og kulturetaten / fungerende oppvekst- og kultursjef Linda Velle Sjøen, idrettsrådgjevar Øyvind Flatebø, kulturhusleiar Per Steinar Lie, kulturkonsulent Ane Alvestad (2014), kulturkonsulent Anine Kongshavn (2015-17) og kulturrådgjevar Astrid Havn Tranøy.